

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Yvonne C. Jordal og Ola Johannes Jordal

Dykkar ref.

Sakshandsamar:
Siril Sylta

Klokkarstien 22
5911 ALVERSUND

Vår ref.
2013/3089 - 0 -
24886/2013

Telefon

Arkivkode:
139/7

Dato:
31.10.2013

Delegert sak

Løyve til oppføring av naust - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Kommunen gjev løyve til oppføring av naust med BYA 22 m² i samsvar med teikningar og skildring mottatt 18.09.2013 og kart mottatt 29.10.2013, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 20-2.

I vedtak i Plan- og miljøutvalet 22.05.2013 i sak 2013/787 er det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplan for Knarvik- Alversund, samt løyve til oppføring av kai på vilkår.

Det er tiltakshavar sitt fulle ansvar at arbeida vert utført i samsvar med plan- og bygningslova og at forskrifter til lova vert følgt. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Søknaden:

Søknaden gjeld oppføring av naust med BYA 22 m².

Nabotilhøve og andre sine kommentarar:

På bakgrunn av tiltakets plassering i terrenget og stor avstand i forhold til annan omkringliggjande busetnad, er administrasjonen si vurdering at nabos interesser ikkje vert råka av omsøkte tiltak. I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for varsling av naboor.

Plangrunnlag:

Eigedommen ligg innafor kommunedelplan for Knarvik- Alversund. Eigedommen ligg i LNF- område, der landbruk er dominerande. Arealet i sjø er vannareal for alment friluftsliv.

Uttale frå andre mynde:

Det ligg ikkje føre uttale frå andre mynde. I sak 2013/787 vart vedtak om dispensasjon og oppføring av kai sendt til klagevurdering til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Visuell utforming:

I vedtak frå Plan og miljøutvalet datert 22.05.2013 er det sett vilkår om at «*Føresetnad for utbygging er at naust og kai vert tilpassa lokal byggjeskikk, og at farge på tiltaka skal vera tilpassa naturen omkring*».

Omsøkte tiltak må stetta dette kravet.

Plassering og høgdeplassering:

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. Tiltaket si plassering skal koordinatutreknast. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Dispensasjon:

Dispensasjon vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte 22.05.2013, der følgjande vedtak vart fatta:

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 22.05.2013

Plan- og miljøutvalet gjev avslag på søknad om å få byggja ein ny, lengre kai, men gjev dispensasjon til oppattbygging av naust og utbetring av eksisterande kai. Den kan utvidast til max 8 m.

Føresetnad for utbygging er at naust og kai vert tilpassa lokal byggjeskikk, og at farge på tiltaka skal vera tilpassa naturen omkring.

Gebyr:

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ for 2013.

Skildring	Antal	Beløp
C.1.1 Kartbasis	1	500
C.5.1.a Naust	1	6.200
Totalt gebyr å betala		6.700

Tilhøvet til anna lovverk og private rettstilhøve:

Løyvet er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å byggja i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Bortfall av løyve:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, jf pbl § 21-9. Ved eventuell klage på vedtaket byrjar fristen og løpa frå dato for det endelege vedtaket i klagesaka. Er tiltaket ikkje sett i gong innan 3 år fell løyvet bort. Det same gjeld viss tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Fristane kan ikkje forlengast, jf. pbl § 21-9 første ledd.

Ferdigattest (teikningar av utført tiltak og endeleg plassering):

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest, som blir skrive ut av plan- og bygningsstyresmaktene, når det ligg føre naudsynt slutt dokumentasjon og erklæring om ferdigstilling frå tiltakshavar, jf pbl § 21-10.

Plan- og bygningsstyresmaktene skal ha teikningar som viser tiltaket slik det er utført. Eventuelle endringar frå tidlegare godkjente teikningar skal identifiserast, slik at plan- og bygningsmaktene kan vurdera endringane før ferdigattest vert gjeve, jf byggereglane SAK §§ 8-1 og 8-2.

Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at plasseringa blir i samsvar med løyvet.

Klagerett:

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Siril Sylta
rådgjevar